



INNKALLING TIL MØTE I PROGRAMUTVALET FOR LEDELSE, ØKONOMI, KVALITET OG DIGITALISERING I HELSE

Tid: 4. mars, kl. 13-15

Stad: Hardbakka i Alrek/Digitalt på Teams.

Deltakrar: Oddvar Kaarbøe, Inger Lise Teig, Elisabeth Eide Andvik (vara), Trond Egil Hansen, Miriam Hartveit, Hilde Valen Wæhle, Tine Nordgreen, Egil Kjerstad og Kirsti Nordstrand (sekretær)

Studentrepresentanter: Elisabeth Huseby

Gjester: Kari Nyland,

Vedlegg 1 – Referat fra møtet 8.12.2023

Vedlegg 2 – Økonomioversikt

Vedlegg 3 – Programsensorrappport

Vedlegg 4 – Opptak HELVID650

Vedlegg 5 – Mal for samandrag masteroppgåve

Vedlegg 6 – Forslag til endring av opptaksreglar

Vedlegg 7 – Brev frå fakultetet angående eigenevaluering (orienteringssak)

Saksliste

Sak 1/2024 Godkjenning av innkalling og referat frå ekstraordinært møte 8. desember 2023.

Innkalling og referat godkjent med nokre små justeringar i innkallingar:

Sak 3 utsett til neste møte

Ei sak vart meldt til eventuelt: endeleg fastsetting av undervisningsveker studieåret 2024/25

Sak 30/2023 om permisjonsreglar vart utsett i møtet den 8. desember. Denne saka blir teke opp på neste møte i mai.

Sak 2/2024 Økonomi v/Siv

Siv orienterte om status for økonomien.

Sak 3/2024 Programsensorrappport

Sak utsett til neste møte

Sak 4/2024 Opptak 2024

Vedtak: Det blir teke opp 20 studentar til masteremnet i opptaket våren 2024.



Sak 5/2024 Mal for samandrag masteroppgåve – forslag til endring

Vedtak: *Programutvalet vedtek å justere malen slik at den tilsvarar malen for samandrag/abstract etter andre masterprogram ved det medisinske fakultet.*

Sak 6/2024 Opptaksreglar – forslag til endring

Vedtak: *Programutvalet vedtek ei justering av opptaksreglane til kontinuerleg opptak, med tidlegare frist for dei som er i løpet. Dei nye opptaksreglane er:*

-Minimum bachelornivå

-Minimum 2 år relevant yrkeserfaring

-Spesiell utdanning eller praksis som styrker breidda i studentgruppa

-Avtaleplasser er prioritert

Dette er gjeldande frå opptaket til studieåret 2025/26.

Sak 7/2024 Møtedatoar PU 2024

Forslag til datoar:

30. mai, kl 13-15

15. oktober, kl 13-15

Møtedatoen 30. mai passar ikkje for fleire. Kirsti sender ut Doodle

Vedtak: *Ny dato for møte i mai/juni må avtalast. 15. oktober 13-15 er ok.*

Sak 8/2024 Orienteringssaker:

Status tilsetting i 50% stilling. *Oddvar orienterte. Stilling til HELØK610 skal lysast ut. Egil utformar utlysningstekst.*

Eigenevaluering av program til studiekvalitetsmeldinga – basert på bl.a. eigenvurdering av emne (årlege)

Kirsti orienterte – held kontakt med emneansvarlege, og sender ut endeleg utkast før innsendint il fakultetet.

Studieforskrift UiB – endringar frå 1. januar 2024

Kirsti orienterte angående pågåande klagesak der det var variasjon på meir enn ein karakter etter klage. Nye reglar frå 1. januar seier at ein frå opprinneleg kommisjon, ein frå klagekommisjon og ein fakultetsoppnevnt sensor skal utgjere ny kommisjon (gjeld uansett emne). Denne kommisjonen skal gjere eit forvaltningsvedtak (enkeltvedtak) ut frå den dokumentasjonen som ligg til grunn (grunngevingar frå kommisjonane, evt klage frå student). Dette er altså ikkje vanleg sensur.

Dersom det gjeld masteroppgåve, skal siste kommisjon også utgjere sensorkommisjon for den munnlege høyringa.



Sak 9/2024 Eventuelt

Endeleg fastsetting av undervisningsveker for studieåret 2024/25

Vedtak: *Undervisningsveker vedteke slik dei er lagt fram for studieåret 2024/25:*

HELED620, veke 35, 40, 45 og 3

HELØK610, veke 38, 44, 48 og 5

HEKVAL620, veke 43, 46, 4 og 11

DIGHEL630, start 15. august, slutt 14. oktober

DIGHEL631, start 18. oktober, slutt 19. desember

DIGHEL632, start 6. januar, slutt 21. mars

DIGHEL633, start 24. mars, slutt 3. juni